

Nord-Fron kommune

Sak

MÅLBRUK I NORD-FRON KOMMUNE

Utval	Saksnr	Møtedato	Saksbehandlar
Formannskapet	054/04	12.10.2004	AGB
Utval for helse-, oppvekst- og kultursaker	040/04	20.10.2004	AGB
Kommunestyret	047/04	21.10.2004	AGB

Saksansv.: Anne Grete Bakkene	Arkiv: 003	Arkivsaknr.:	2004000987
	Objekt:	Journalpost:	2004003397

Vedlegg:

1. Fråsegn frå Nord-Fron mållag av 19.06.2004 om administrasjonsspråket i Nord-Fron kommune.
2. Liste over dei som har kome med skriftleg innspel og div. lesarinnlegg i lokalavisene.

Utrykte vedlegg:

1. Kopiar av alle skriftlege innspel.

Bakgrunn for saka:

Nord-Fron Arbeiderparti har i høyringsnotat av 20.04.04 kome med *forslag om at Nord-Fron kommune går over til språkleg nøytralitet når det gjeld administrasjonsspråk*. Forslaget er grunngeve ut frå praktiske, administrative sider m.a. for å betre effektiviteten i administrasjonen. Høyringsnotatet vart sendt dei politiske partia i Nord-Fron i april, slik at dei skulle få førebudd seg på at ei sak ville bli fremja.

Tidlegare behandling:

Nynorsk vart innført som skolemål i alle kretsane i 1939, og som målform i kommuneadministrasjonen i 1965 i samband med den andre kommunesamanslåinga med Sør-Fron. I 1977, då Nord-Fron og Sør-Fron kommunar på nytt skilde lag, stadfesta Nord-Fron kommune tidlegare vedtak om nynorsk som offisielt skriftspråk i administrasjonen. Dette vart også stadfesta ved vedtak i kommunestyret i **1986**. Det gjer at alle tilsette og alle kommunale organ pliktar å nytte nynorsk skriftspråk i tenesta. Ved tilsetning i Nord-Fron kommune blir alle gjort merksame på at nynorsk er administrasjonsmålet i kommunen.

I tillegg til dette vedtok Nord-Fron kommune i 1980, etter lov om målbruk i offentleg teneste § 5, å krevje nynorsk *i skriv frå statsorgan til kommunen*. Denne lova regulerer ikkje målbruk i kommunane og heller ikkje målbruken mellom kommune og fylkeskommune.

Målbruksplan for Nord-Fron kommune.

Målbruksplan for Nord-Fron kommune vart vedtatt i 1997. Planen skal vere eit hjelpemiddel for å betre skriftspråket som blir nytta i kommuneadministrasjonen. I målbruksplan er det lagt vekt på fleire tiltak som kan bidra til at tilsette skriv betre nynorsk.

Eit av tiltaka er at det i kommuneadministrasjonen til kvar tid er ein eller fleire personar som kan stå til rådvelde som rådgjevarar i måls spørsmål. Rådgjevarane skal få særleg opplæring i nynorsk språkbruk, og få ansvar for vidare opplæring internt.

Eit anna tiltak er at kommunen skal legge til rette for at tilsette får tilgang til nye hjelpemiddel av ymse slag, m.a. oppslagsbøker som nynorsk ordliste m.fl. Nynorsk ordliste skal ligge inne i språkrettingsprogramma i alle tekstbehandlingsprogramma som blir brukt i kommunen. I målbruksplanen finn vi fleire døme på vanlege skrivefeil og kva som er grammatisk rett (kva fallgruver vi må passe oss for) skrivemåte.

I Nord-Fron kommune har det i lang tid vore eit uoffisielt hovudprinsipp (som og er tatt inn i målbruksplanen) at den einskilde tenestemann svarar på brev frå innbyggjarane i same målform som vedkomande innbyggjar nyttar. Dette er mykje opptil den einskilde tenestemannen å avgjera sjølv, då lova ikkje seier noko om dette.

Språkleg nøytralitet.

Språkleg nøytralitet vil i praksis seie at den enkelte tilsette kan skrive brev, referat, notat anten på nynorsk eller bokmål. Kunngjeringar og stillingsannonsar i avisene vil nokre gonger vere på nynorsk og andre gonger på bokmål. Saksbehandlarar vil kunne stå fritt med omsyn til skriftspråk ved saksutgreiingar til politiske organ.

Innkomne uttaler:

Som ved behandling av saka i 1986 har administrasjonen sendt forslaget om språkleg nøytralitet til Nord-Fron mållag for uttale. Mållaget rår til at Nord-Fron kommune held fram med å nytte nynorsk som administrasjonsspråk og profilerer seg som kultur- og nynorsk-kommune. Eg viser elles til vedlegg 1.

Via heimesida til Nord-Fron kommune har innbyggjarane fått høve til å uttale seg i saka. Det er vidare opna for at planområda og tilsette kan kome med synspunkt. Eg viser til oversikt over innspela i vedlegg 2, forutan at alle innspela følgjer saka som uttrykt vedlegg.

Kultur- og oppvekstsjefen si vurdering:

Nynorsk har vore opplæringsmålet i skolane i Nord-Fron sidan 1939. Det er den målforma som ligg nærast dialekten vår, og er derfor det mest naturlege å nytte som skriftsspråk. Få elevar i Nord-Fron har ønska anna målform i opplæringa. Språket er viktig for å gje identitet og det har vore samlande for alle elevane, både dei som har sine røter i bygda og dei nye som kjem til.

Språket har vore og er ein viktig del av kultur og tradisjon som ein vil ta vare på og bygge vidare gjennom opplæringa i grunnskolen.

Dersom Nord-Fron kommune går over frå nynorsk som administrasjonsmål til språkleg nøytralitet er det fare for at nynorsk som målform blir svekkja. Redusert bruk av nynorsk vil gje signal til elevane om at nynorsk ikkje lenger er det naturlege målet og berre er eit teoretisk opplæringsspråk.

Ein naturleg konsekvens vil vere at fleire ønskjer bokmål som hovudmål i undervisninga. Når minst ti elevar på klassetrinnet ønskjer skriftleg opplæring på anna hovudmål enn det kommunen har vedteke, har dei rett til å få opplæring i eiga gruppe. Det vil krevje auka ressursar til gruppedeling. Slik situasjonen er i grunnskolen i Nord-Fron i dag, har kravet til individuelt tilpassa opplæring forsterka behovet for ressursar til ulike styrkingstiltak, der gruppedeling kan vere eit av fleire tiltak. Tilbakemelding frå skolane dei siste åra er at styrkingsressursen er for knapp som følgje av auka behov og stadig strammare økonomiske rammer. Dersom fleire vel bokmål, kan det om ein ikkje klarer å auke styrkingsressursen, føre til at deling ut frå ønskje om anna målform, vil gå på kostnad av styrking ut frå andre behov. Dette ser ein på som særskild uheldig.

Administrasjonssjefen si vurdering:

Evt. endring av administrasjonsmålet i Nord-Fron kommune har ei kulturpolitisk og skulepolitisk side. Det er viktig at dei som veks opp i ein kommune kan identifisera seg språkleg med administrasjonsmålet i eigen heimkommune. At nynorsk og Fronsdialekta høyrer saman er det liten tvil om, og dette talar for at det er viktig å halde på nynorsken som offisielt skriftspråk i kommuneadministrasjonen.

Til no har det vore lite uro om skulemålet i Nord- Fron. Ein av grunnane til dette kan vere at nynorsken har hatt høg prestisje i lokalsamfunnet vårt, m.a. fordi han har vore brukt på ein stø måte i kommuneadministrasjonen. Eit vedtak om å vrake nynorsk som administrasjonsmål, kan løyse ut uro og strid om opplæringsmålet i enkelte av skulekrinsane.

Aukande krav om undervisning i bokmål vil føre til meirkostnader. Styrkingsressursen som skolane disponerer i dag er allereie for knapp. Å nytte av denne til språkdeling vil gå ut over tilpassa opplæring, og dette er ei utvikling ein ikkje ønskjer.

Eg ser av eit strategidokument som PG as har utarbeidd at Peer Gynt as meiner dei har eit bevisst forhold til språk, og bedrifta vel å nytte nynorsk som målform i all ekstern kommunikasjon. Eg reknar med at noko av årsaka til dette er språkbruken i administrasjonen som ein av Fronskommunane til no har hatt. Eg ser ikkje bort i frå at det kan endre seg dersom begge Fronskommunane vel å bli språkleg nøytrale.

I dag ligg alle malar i dei elektroniske fagprogramma våre på nynorsk (t.d. saks- og brevmalar). Det vil påføre administrasjonen ein del meirarbeid å legge inn bokmålsmalar. Fullført saksbehandling, med vurderingar frå fleire fagområde, vil gjere at ei sak kan vere samansett av bokmål og nynorsk.

Forslaget frå AP er grunngeve ut frå praktiske, administrative sider m.m. for å betre effektiviteten i administrasjonen. I forslagsnotatet blir det hevda at *mange av dei tilsette i kommunen ikkje meistrar å skrive nynorsk på ein god måte.*

I forslagsnotatet frå Nord-Fron AP blir det vist til at *vi ser og at det blir skrive på bokmål, og på denne måten blir det ikkje konsekvens i praktiseringa.* Administrasjonssjef meiner dette skjer i relativt liten grad, og tilsette følgjer i stor grad opp at nynorsk er administrasjonsmålet. I forslagsnotatet blir det hevda at kommunen såleis nyttar ressursane på ein dårleg måte og at tida kunne vore brukt til nytte for innbyggjarane innafor dei enkelte fagområda.

Våre leiarar og tilsette i NFK er etterkvart som vi har fått strammare økonomi blitt meir bevisste på *effektiv ressursbruk.* Om arbeidsgivar har kome langt nok i dette er ei anna sak, men NFK har til no ikkje justert ned ambisjonsnivået som følgje av nedbemanning og bruk av tid nye pålagde oppgåver. Dette gjer at tilsette til tider opplever frustrasjon i arbeidssituasjonen og politiske organ gjev til tider uttrykk for ikkje tilfredsstillande kvalitet på delar av det administrasjonen utfører og legg fram til politiske organ.

Ein situasjon der tilsette brukar mykje tid på å skrive korrekt nynorsk bryt sjølvsagt med krav til effektivitet. Vi har tilsette som både boikotter kravet til nynorsk framstilling og som har vanskar med nynorsk. I nokre få tilfelle har eg valt ikkje å stresse kravet fordi det er viktigare at dei elles utfører arbeidsoppgåvene tilfredsstillande. Ei viktig problemstilling er at vi har tilsette som er gode fagpersonar – men som ikkje er flinke i skriftleg framstilling. Eg trur at vi framover må sjå på korleis vi nyttar fagkompetanse best mogleg. I ei slik vurdering kan det vere at vi i større grad enn i dag nyttar tilsette med godt språk til å skrive saker medan andre får konsentrere seg om sine fagoppgåver og i mindre grad blir bedt om å gjere skriftleg

saksbehandling. Personleg trur eg det er lite å hente på effektivisering ved å gå over til språkleg nøytralitet i administrasjonen.

Det er få yngre som har kome med innspel til saka, noko som tyder på at det er lite engasjement for temaet.

Det er frå politisk leiing si side informert om at leiar for utval for helse-, oppvekst og kultursaker ikkje ser det som naturleg at HOK behandlar saka før ho blir lagt fram for formannskapet. Det tar eg til etterretning, og legg saka fram for formannskapet. Dersom kommunestyret sluttar seg til framlegget frå Nord-Fron AP vil det gjere at målbruksplanen må gjerast om. I tider med strammare ressursar vurderer eg ikkje det til å vere ei prioritert oppgåve.

Administrasjonssjefen legg saka fram for formannskapet med slik:

Innstilling:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Kommunestyret vedtar å halde fast på tidlegare vedtak om at Nord- Fron kommune skal ha nynorsk som offisielt skriftspråk i administrasjonen.

FOR-054/04 12.10.2004 Behandling:

Reidar Stangenes la fram følgjande forslag:

1. Kommunestyret vedtar at Nord-Fron kommune går over til språkleg nøytralitet når det gjeld administrasjonsspråk.
2. Det må gjerast nødvendige endringar i målbruksplanen.

Forslaget fall med 2 mot 4 røyster.

HOK-040/04 20.10.2004 Behandling:

Svanhild Sletten la fram følgjande forslag:

Kommunestyret vedtar at Nord-Fron kommune går over til språkleg nøytralitet når det gjeld administrasjonsspråk.

Forslaget fall med 3 mot 4 røyster.

Reidar Stangenes la fram følgjande forslag:

1. Kommunestyret vedtar at nynorsk framleis skal vere administrasjonsspråk i Nord-Fron kommune, og i hovudsak bli brukt på kommunen sine heimesider, i kunngjeringsar, i saksframlegg og i overordna plandokument. Vidare skal nynorsk i hovudsak nyttast i skriv til fylkeskommunalt og statleg forvaltningsnivå.
2. Den enkelte tilsette kan likevel nytte bokmål i sitt daglege arbeid dersom vedkomande meiner at ho / han meistrar dette betre, og det gir eit betre språkleg resultat. Slikt arbeid kan t.d. vere referat, notat og rapportar, samt skriv til innbyggjarar og andre, der det ikkje er krav om ei bestemt målform.
3. Den kommunale målbruksplanen blir revidert i samsvar med pkt. 1 og 2.

Forslaget vart sett opp mot innstillinga.

Forslaget vart vedteke med 4 mot 3 røyster.

KOM-047/04 21.10.2004 Behandling:

Reidar Stangenes la fram følgjande forslag:

1. Kommunestyret vedtar at nynorsk framleis skal vere administrasjonsspråk i Nord-Fron kommune, og i hovudsak bli brukt på kommunen sine heimesider, i kunngjeringar og i overordna plandokument. Vidare skal nynorsk i hovudsak nyttast i skriv til fylkeskommunalt og statleg forvaltningsnivå.
2. Den enkelte tilsette kan likevel nytte bokmål i sitt daglege arbeid dersom vedkomande meiner at ho / han meistrar dette betre, og det gir eit betre språkleg resultat. Slikt arbeid kan t.d. vere referat, notat, rapportar og saksframlegg, samt skriv til innbyggjarar og andre, der det ikkje er krav om ei bestemt målform.
3. Den kommunale målbruksplanen blir revidert i samsvar med pkt. 1 og 2.

Forslaget vart vedteke med 14 mot 11 røyster.

Rett utskrift:

Sentraladministrasjonen i Nord-Fron, 22.10.04

Ingrid Stormyrbakken

Ingrid Stormyrbakken

Utskrift går til: Administrasjonssjefen